

200307611-146

Til statsråd Kristin Clemet
Utdanings- og forskingsdepartementet

Oslo, 31. januar 2004

HØYRING OM RYSSDAL-INNSTILLINGA

Ryssdal-utvalet leverte 23. september 2003 tilråding til ny lov om universitet og høgskular. Studentmållaga har på ei helgesamling og i andre samanhengar hatt innstillinga frå utvalet oppe til drøftings, og me vil med dette få leggja fram synet vårt:

1. Styring og råmer. Norsk utdaning må framleis vera ei offentleg sak. Utdaninga må setjast inn i ein nasjonal heilskap og planleggjast. Eit stabilt, trygt råmeverk er turvande dersom undervisning og forsking skal få gode vilkår. Me vil åtvara mot ei glidande og stegvis privatisering som set dei ulike lærestadene i landet opp mot einannan i tevling om knappe ressursar, studentar eller tilskot. Ein slik skipnad vil lett kunna gå utover lærestadene i utkantane og små fagkrinsar ålement. Skal det faglege breiddetilbodet haldast i hevd over heile landet, er tevling ei därleg løysing. Anten universitet og høgskular skal byta tilknytingsform til å verta serlovsselskap eller stifting, ottast me at sektoren soleis sklid lenger unna den offentlege interessesfären. Det opnar for statleg andsvarspriserisering. Staten kan koma til å bruka sparekniven av di det økonomiske andsvaret meir og meir vil kvila på styret i kvar institusjon. Me vil ikkje vera med på eit opplegg som legg til rettes for framtidig nedskjeringspolitikk.
2. Sjølvstende og økonomi. Universitet og høgskular må hegna om det vitskaplege sjølvstendet sitt, samstundes som økonomien enno er bunden til statlege grunnlovviningar. Innslaget av oppdragsforsking har auka dei seinare åra, og Ryssdal-utvalet rår til at denne stemneleida held fram. Me meiner det er like viktig å utføra forsking til bate for andre interesser enn dei pengesterke. Det finst etter kvart fleire og fleire døme frå land med mykje oppdragsforsking (Sambandsstatane og Australia) der vitskapsfolk vert overtala til eller pålagde å teia med resultat og opplysningar som er til meins for selskapa som har tinga forskinga deira. Me vil ikkje ha ei slik styrd gransking her til lands. Dei norske folkerørslene og motkulturane har gjennom drygt halvtanna hundreår vore ei kraft som har drege i ei onnor lei enn det offisielle Noreg. Frå denne kanten, der målrørsla òg har hørt med, har det kome korrektiv og vorte sett fram alternativ til dei rådande ideala. Ikkje få vitskapsfolk har gjennom tida solidarisert seg med dei folkelege kreftene og gjeve dei stønad, men aldri for skuld økonomisk utteljing for eigen part. Me ser med uro på ei utvikling der forskarane vel emne einsidig ut frå økonomiske omsyn eller karriereplanar. Aktuelle problem som knyter seg til t.d. avfolking og amerikanisering i det norske samfunnet, fortener like mykje å koma fram i ljuset som oppdragar frå dei mektigaste "kundane" ved universitet og høgskular.
3. Tilknytingsform. Studentmållaga vil slutta seg til mindretalet i Ryssdal-utvalet. Me meiner universitet og høgskular skal halda fram som forvaltningsorgan med serskilde fullmakter. Det gjev både best vitskapleg fridom og sjølvstende medan økonomien får tryggare kår enn med alternativa. Sektoren har heller ikkje hatt denne tilknytingsforma til staten serleg lenge, og det ville vera uforsvarleg å gjera ombytte før me har sett korleis skipnaden verkar. Det tilrådde alternativet til fleirtalet står fram som uklårt og med det

fårefullt. Sjølveigande institusjon eller stifting gjev uviss eigarskap, og det kan i sin tur føra til at økonomien kjem under press. Styremaktene kan på eine sida orsaka seg med at kvar lærerstad ”styrer seg sjølv”, men staten må likevel gjeva samtykke til store brigde i føresegnene for institusjonane. Denne ulne rolla til staten er sektoren ikkje tent med. Me meiner andsvarsfordelinga må gå tydelegare fram av lova.

4. Nytte. Ryssdal-utvalet legg vekt på at verksemda ved universitet og høgskular skal vera til nytte for samfunnet. Me vil likevel minna om at kunnskap i seg sjølv òg er eit gode, og at skilsetjande vitskaplege resultat har vorte oppnådde gjennom langvarig og mødesam satsing frå forskarar. Mykje forsking har ikkje dagnær bruksverdi, men er forvitneleg og viktig under ei vidare synsrand. Me tykkjer det er uvisleg med ei universitetstenkjing som favoriserer økonomisk lønsame fag framom små og kulturberande fag. Serskilt meiner me at fagdisiplinar som tek opp emne frå det norske samfunnet, må haldast i hevd og verjast mot kortsiktig og sneversynt rasjonaliseringsiver. Dette er norsk- og nordiskfaget, med viktige bolkar om norsk litteratur, målføreunnskap, stadnamnlære og norrønt, folkeminnevitskap og etnologi, norsk soge, og medievitskap og statsvitskap som tek føre seg norske tilhøve. Det er ilt dersom moteluner og jaget etter populære fag i den skiftande studentmassen skal føra til at visse fagtilbod fell bort.
5. Internasjonalisering. Omsynet til internasjonalisering er eit gjennomgåande mantra i heile innstillinga frå utvalet. Me saknar ei djupare drøfting av dette omgrepet. Vitskapen har stødt vore grensesprengjande og universell, men kvar forskar lever i eit samfunn og er nøydd til å verta i ein viss mon farga av det. Målet med internasjonalisering kan ikkje vera straumelineforming eller einsretting, anten mønsteret me mæler oss opp imot, kjem frå USA eller EU. Førefestet inter- tyder mellom, og me ventar soleis at internasjonaliseringa vil gå føre seg *mellan* nasjonane, ikkje utanom, bortanfor eller ovanfor dei. Poenget med utveksling av studentar og andre kulturmøte er vel heller å sjå og ha vyrndad for kulturelle skilnader, få toleranse og kunna kritisera utan å taka likeverdet frå nokon, og sjølv vera i stand til å taka kritikk. Kvifor fara til utlandet dersom fagleg mål og innhald er det same som heime? Skal me få ei sann internasjonalisering, må ho vera tufta på mangfold og framhald av nasjonalt likeverd. Utan eit språkleg og kulturelt mangfold vert verda fattigare på tenkjing, kunnskap og visdom. Dette spørsmålet vedkjem òg aksen som går mellom sentrum og periferi, både sosialt, politisk, økonomisk og geografisk. Eit sjølvtrygt og einvist sentrum som ikkje bryner seg mot andre partar, går i ring og kjem ingen veg. Nye tankar føreset strid, motsetnader og argument som må vegast og prøvast. Mangfaldet rømer slike perspektiv og må difor ikkje gløymast dersom internasjonalisering skal vera ein røynleg berebjelke og ikkje einast eit lokkerop.
6. Arbeidstilhøve. Eit universitet eller ein høgskule er samansett av både tilsette og studentar. Me tykkjer desse to gruppene i større mon bør sjå på dei sams interessene sine enn å nappast med kvarandre. Med ny lov om universitet og høgskular må mykje avtaleverk mellom dei tilsette og arbeidsgjevaren tingast om på nytt, og det er grunn til å tru at skipnader som gjev dei tilsette gode arbeidsvilkår, kan koma til å ryka (t.d. seravtala, tenestemannslova m.m.). For ein studentmasse som vil ha best mogeleg undervisnings- og rettleidingskrekter, er det til stor ulempe om dei vitskaplege tilsette får ein utrygg og meir slitsam kvardag. Meir tidsbruk på å skriva internrapportar og senda søknader vil gå på kostnad av tid til å hjelpa og læra opp studentane.

- Studentmållaga er imot denne utviklinga.
- 7. Skulepengar. Jamvel om lovpassusen freistar løyna det, inneholder framlegget frå fleirtalet i Ryssdal-utvalet ei opning for å kunna krevja inn skulepengar so sant studiet ikkje er sokalla fullfinansiert. Me hugsar bukken og havresekkene og undrast kven som skal definera fullfinansiering. Innføring av skulepengar vil auka dei sosiale skilja i studentmassen og gå utover ressurssvak ungdom frå by og bygd, men gagna den ressurssterke byungdomen.
 - 8. Demokrati og marknad. Utdanningsspørsmål skal framleis vera ei demokratisk sak som er oppe til ordskifte i samfunnet og vert avgjord av folkevalde organ. Då er ho ei sak for ålmenta, for folk flest. Når universitet og høgskular er statlege etatar, er dei i større mon underlagde offentleg interesse.
Marknadskreftene fylgjer lover som ofte kan vera framande ved universitet og høgskular. Å flytta makt frå tingsal til styrerom råkar interesser og folkelege krefter som kan ha lang tradisjon i landet og ikkje liten velvilje i politiske miljø, men som sjeldan har gjort seg sterkt gjeldande i forretningslivet.
 - 9. Internt demokrati. Fleirtalet i Ryssdal-utvalet gjer framlegg om å bryta med den gamle universitetstradisjon med internt styrefleirtal. Den marknadsorienterte nemninga "styre" vart for kort tid sidan sett inn i staden for "kollegium". Me tykkjer at styrefleirtalet enno skal veljast av tilsette og studentar, og at rektor skal vera vald. Lova bør òg seia klårt frå om at det skal vera studentorgan på lægre nivå ved universitet og høgskular, so studentane er tryggja ein viss mon innverknad på avgjerdene. Me vil peika på at mange av dei mest omtykte lærestadene i utlandet har vunne gjetord utan å ha ein einaste kollegiemedlem utanfrå.
 - 10. EØS og GATS. Me er samde med mindretallet i Ryssdal-utvalet som hevdar at ei utvida tolking av EØS-avtala og GATS-regelverket innanfor WTO kan gripa inn i norsk utdaningspolitikk. Det kan då verta lovstridig å gjeva offentlege utdaningsinstitusjonar føremoner framom private. I neste omgang kan dette slå tungt inn i finanseringa av norsk utdanning. Organisering som sjølvstendige rettssubjekt vil soleis vera sers lite tenleg.
 - 11. Mållova. Ryssdal-utvalet har slege fast at mållova framleis skal gjelda ved universitet og høgskular. Med utskiljinga av ei rad statlege verksemder på 1990-talet har målrørsla likevel røynsle for at desse målføresegnene vert undergravne. Det har aldri vore lett å få universitet og høgskule til å vyrda ei lov som det ikkje er knytt sanksjonar til, og me ottast at eit fjernare samband mellom staten og utdaningssektoren vil tynna ut verkekrafa i mållova. Av omsyn til målbruken lyt òg universitet og høgskular halda fram med å vera forvaltningsorgan og ikkje verta sjølvstendige rettssubjekt, anten serlovsselskap eller stifting.

Studentmållaga er ikkje offisielle høyatingsorgan, men me vonar likevel meiningsane våre vert tekne omsyn til i førehavinga av ny lov om universitet og høgskular frametter.

Beste helsing

Rolf Lynum Bjerkem /s/
-leiar i Studentmållaget i Oslo-

Arild Torvund Olsen /s/
-leiar i Studentmållaget i Nidaros-

Snorre Sandemose /s/
-leiar i Studentmållaget i Bergen-

Heidi Ravnestad /s/
-leiar i Studentmållaget i Volda-